


Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

Referat etter soknerådsmøte nr 01/2026

Dato/tid: onsdag 14 januar 2026, kl. 18

Stad: Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve B Myrlid, Sveinung Toreid, Maria E Sørheim, Ingebjørg Grøtt og Eli G Torsnes.

Forfall: Ida Sofie Håheim

Varamedlem: Rannveig Hammer møtte

Frå staben: Arne Opsahl- Engen og Bård Kråkevik

Saksliste

01/2026	Godkjenning av sakliste og innkalling . Innkallinga og saklista vart godkjent.
02/2026	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 07/2025. Referatet etter soknerådsmøte nr.07/2025 vart gjennomgått og godkjent.
03/2026	Gjennomgang av årshjulet. Soknerådsleiaren gjekk gjennom revidert utgåve av årshjulet for Jondal sokn. Denne vart endra på nokre punkt og godkjent av soknerådet.
04/2026	Dåpssakristiet i kyrkja – befaring. Sveinung Toreid viste framlegg til ny innreiing av det gamle dåpssakristiet i kyrkja. Ulike løysingar vart diskutert. Sjølve synfaringa vart tatt på slutten av møtet. Før arbeidet vert sett i gang, må det undersøkjast kva formalitetar som må ordnast. Bård Kråkevik orienterte litt om lowerket som gjeld for kyrkjebygg. Grunna alderen på kyrkja må det sendast søknad til Bispedømmerådet om løyve til “bruksendringa”
05/2026	Nytt lydanlegg i kyrkja – orientering og vegen vidare. Soknerådsleiaren informerte om dialogen med Arild B Nielsen . Kyrkjevevja har ikkje kome med svar til soknerådsleiaren når det gjeld den økonomiske sida av denne saka. Jondal sokneråd ynskjer å få dette arbeidet gjennomført og vil dekkja kostnadane i år mot at Fellesrådet betalar soknerådet tilbake 2027 (Lydanlegg Jondal kyrkje står i økonomiplanen for 2027) Soknerådsleiaren skal kontakta kyrkjevevja for avklaring av dette. Soknerådet ynskjer også oppdatert prisoverslag frå Arild B Nielsen.

06/2026	Offerlista for våren 2026. Ingebjørg Grøtt hadde laga til framlegg for våren 2026. Denne vart vedteken.
07/2026	Setja opp soknerådet sin møteplan for våren 2026. Soknerådsmøta våren 2026 vert : 11.feb, 11.mars, 15.april, 20.mai og 10.juni. Årsmøtet i Jondal sokn vert søndag 08.mars etter gudstenesta
08/2026	Utleige av kyrkja – orientering om reglement. Soknerådsleiaren presenterte reglementet kring utleige av kyrkjene i Ullensvang kommune. Det er kyrkjekontoret i Odda som har det praktiske arbeidet med dette og det er Fellesrådet som står som utleigar av kyrkjene.
09/2026	Eventuelt. Arne Opsahl-Engen informerte om deltaking av konfirmantane ved kyrkjekaffi m.a. Eva P Myrlid vil ha ansvaret for kyrkjekaffi og pynting ved gudstenester framover (frivillig arbeid) Han fortalde også om planane om temasamlingar (fire onsdagar i løpet av våren) Eit tema,ein gjest, ein time og ein matbit etterpå. Trygve B Myrlid viste til statistikken for 2025 for Jondal sokn. Rapporteringa tek han ansvaret for og det skal gjerast via Altlnn innan 20.jan. Etter synfaringa i dåpssakristiet såg soknerådet på kapellet i kyrkja. Dette er også eit rom som treng oppgradering med tanke på funksjonalitet og innreiing.

Møtet vart heva kl 20.05.

Torsnes 15.januar 2026

Eli Galtung Torsnes

-skrivar-